

Lokal forskrift for VA-gebyr i Austrheim kommune

Innholdsliste

Kapittel 1: Generelle føresegner	2
Kapittel 2: Eingongsgebyr	4
Kapittel 3: Årsgebyr	5
Kapittel 4: Nærare om installasjon og bruk av vassmålar mm.	8
Kapittel 5: Avsluttande føresegner	9

Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Austrheim kommune, Vestland.

Heimel: Fastsett av Austrheim kommunestyre **(AKTUELL MØTEDATO VERT SETT INN NÅR DENNE ER AVKLART)** med heimel i forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning § 16-1 andre ledd, jf. lov av 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 5, jf. § 4.

Abonnentane i kommunen betalar for vass- og avløpstjenester levert av kommunen. Gebyra skal dekkje kostnadene kommunen har med å levere tenester regulert av denne forskrifta.

Tilhøvet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover, forskrifter og lokale reglement, føresegner, regulativ og deklarasjonar. Dei viktigaste dokumenta er lista nedanfor:

- Lov av 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensing
- Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Austrheim kommune (dette dokumentet)
- Andre dokument
 - o Gebyrregulativet
 - o KS sine standard abonnementsvilkår for vatn og avløp (Tekniske og administrative reglar)

Denne forskrifta trer i kraft 01.01.2025. Forskrifta erstattar lokal forskrift for vass og kloakkavgifter, vedtatt i kommunestyret i sak 173/95.

Kapittel 1: Generelle føresegner

§ 1-1. Formål og verkeområde

Formålet med forskrifta er å fastsetje reglar for utrekning og innkreving av vass- og avløpsgebyr som abonnentane skal betale for kommunen sine vatn- og avløpstenester. Forskrifta gjeld for alle abonnentar i kommunen, sjå definisjon i § 1-2 bokstav a.

§ 1-2. Definisjonar

- a) *Abonnet*: Eigar/festar av eigedom som er tilkopla kommunal vass- og/eller avløpsleidning direkte, gjennom felles stikkleidning eller gjennom privat leidningsnett.

Det same gjeld festar av eigedom der festeavtalen ikkje er registrert i grunnboka, men der festaren eig dei plasserte bygningane på tomta, og utøver festerett i medhald av lov om tomtefeste.

Som abonnent vert også rekna eigar/festar av eigedom som kommunen i medhald av plan- og bygningslova § 27-1 og § 27-2 eller forureiningslova § 23 har kravd tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning. Dersom abonnenten også eig bueiningar som etter regelverket i matrikkelen er eller skulle vore registrert med eige bustadnummer, skal slik bueining betala gebyr som ein abonnent. Huseigar er ansvarleg for at pålagde gebyr vert betalt.

- b) *Abonnement*: Avtale mellom kvar abonnent og kommunen om vassforsynings- og/eller avløpstenester gjennom tilkopling av sanitærinstallasjonar og private vass- og/eller avløpsleidningar til kommunen sine vass- og avløpsanlegg. Avtale om tilknytning via privat fellesleidning vert også rekna som abonnement. Det er ikkje eit krav at tidlegare avtalar er inngått skriftleg.
- c) *Eigedom*: Eigedom som er registrert i grunnboka med eige gards- og bruksnummer/festenummer og som har påståande bygg som er eller skulle vore registrert i matrikkelen med eige gardsnummer, bruksnummer, eige festenummer eller eige seksjonsnummer (matrikkelforskrifta § 2 bokstav b og c om registrert eigar og festar).
- d) *Bueining*: Ei bueining har minst eitt rom, eige WC og separat inngang, anten direkte frå det fri eller via inngang/korridor. Definisjonen gjeld også for fritidsbustader. Definisjonen på bueining følgjer registreringsinstruksen i matrikkelen.
- e) *Bustad*: Bygg som blir brukt til bustadføremål. Bygningstype 111-163 etter NS-3457.
- f) *Fritidsbustad*: Bygg som er registrert som fritidsbustad i matrikkelen. Bygningstype 161-163 etter NS-3457. Fritidseining blir rekna for ein kvar fritidsbustad med minst eitt rom og eigen inngang og der det er tilgang til vatn og toalett utan å måtte gå gjennom ei anna bueining/fritidseining/næringseining. Det vert synt til registreringsinstruksen i matrikkelen.
- g) *Kombinasjonseigedom*: Eigedom med ein eller fleire bueiningar, og ein eller fleire brukseiningar som ikkje er bustad. Eigedom med ein eller fleire bueiningar og ein eller

fleire bygningar for fiskeri eller landbruk blir klassifisert som kombinasjonseigedom.

- h) *Næringseigedom*: Eigedom som ikkje er bustad-/fritidsbustad- eller kombinasjonseigedom. Her inngår driftsbygningar i landbruket. Bygg for offentlege føremål blir klassifisert som næringseigedom.
- i) *Bruksareal (BRA)*: Bruksareal rekna ut i tråd med reglane i NS-3940.
- j) *Kyrkjer, bedehus, grendahus, ungdomshus og andre lagshus*: Bygg som er registrert med bygningstype 661 – 669 og 971 – 679 etter NS 3457.
- k) Privat vass- og avløpsanlegg: Abonnenteigde private leidningar (stikkleidningar) og utstyr utanfor husets yttervegg, som er tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsanlegg.

§ 1-3. Gebyrplikt og betalingsansvar

Plikta til å betala vass- og avløpsgebyr gjeld for alle abonnentane i kommunen, jf. definisjonen i § 1-2 bokstav a. Eigar av den gebyrpliktige eigedomen er ansvarleg for å betala gebyra til kommunen for heile eigedomen, sjølv om gebyra blir rekna ut separat for kvar enkelt bueining.

For festeavtalar med kort festetid, medrekna feste til anna enn bustad og fritidsbustad, kan det vera avtalt at andre enn festar skal vera abonnent.

Abbonenten skal melda frå om endringar i abonnementsstilhøvet, og skal betala årsgebyr som tidlegare, inntil kommunen har motteke og stadfesta melding om ei slik endring.

§ 1-4. Gebyrtypar

Gebyrtypane er:

- a) Eingongsgebyr, for tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg.
- b) Årsgebyr, årleg gebyr abonnentane må betala for å ha tilgang til kommunen sitt vass- og/eller avløpsnett.

Årsgebyret er sett saman av eit abonnementsgebyr og eit forbruksgebyr:

- I. Abonnementsgebyret (fastledd) er den faste delen av årsgebyret. Dette gebyret er rekna ut frå den samla anleggskostnaden for kommunen sine anlegg innan VA.
- II. Forbruksgebyret (forbruksledd) er den variable delen av årsgebyret. Dette blir betalt etter forbruk (målt eller stipulert)

I tillegg kan kommunen krevje betaling etter standardiserte satser for kommunen sine kostnader ved avlesning av vassmålar, samt avstenging og påsetting av vassforsyninga.

§ 1-5. Gebyrsatsar

Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyret gjennom eit eige regulativ, og trer i kraft frå det tidspunktet kommunestyret bestemmer.

§ 1-6. Gebyrgrunnlag og arealutrekning metode

Gebyr for bustad eller fritidseigedom skal reknast ut separat for kvar einskild bueining.

For eigedom med næringsbygg i kombinasjon med bustad kan gebyra reknast ut anten separat for kvar einskild bueining eller som samla gebyr for sameiget.

I den grad utrekning av gebyr er avhengig av bygd areal, skal arealet målast ut frå bruksarealet (BRA) slik det er ført i matrikkelen. Tidlegare registrerte arealdata kan nyttast matrikkeldata ligg føre.

Kommunen har når som helst rett til å rekne gebyrpliktig areal på nytt.

Kapittel 2: Eingongsgebyr

§ 2-1. Gebyrplikt og innretning

Eingongsgebyr for tilknytning til vatn og/eller avløp skal betalast pr bueining;

- a) Ved nybygg.
- b) Når bygd eigedom blir tilkopla kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg.
- c) Når kommunen krev bygd eigedom tilkopla kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg, jf. § 1-2 bokstav a.
- d) Eksisterande bygg med tilkopling som ikkje er godkjent.
- e) Anna permanent tilkopling til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg, til dømes vatningsanlegg, idrettsanlegg med meir.

Inntil eitt sokkelhusvære eller hybel i einebustad som del av ein større bustad under felles gards- og

bruksnummer, vert inkludert i tilknytingsavgifta for kvar bueining.

For næringsseigedomar / kombinasjonseigedomar vert eingongsgebyret fastsett ut frå storleik på inntaksrør. Det skal betalast ein sats for inntaksrør opp til 50 mm, og ein for rør større enn 50 mm.

Eingongsgebyr for tilknytning til vass- og/eller avløpsanlegg skal ikkje betalast for:

- a) Bygg som har mellombels tilknytning, til dømes brakkerigg. Dersom tilknytninga varer i meir

enn eitt år, kan kommunen fastsetje at det skal betalast tilknytingsgebyr.

- b) Garasje, uthus, naust, bryggje og liknande som ligg i direkte tilknytning til bueining på eit gards- og bruksnummer som allereie har betalt tilknytningsavgift.

§ 2-2. Innbetaling av eingongsgebyr

Eingongsgebyret skal betalast:

- a) For nybygg: Når igangsetjingsløyve for heile eller delar av tiltaket er gitt. Dersom talet einingar vert endra i tida frå igangsetjingsløyve til ferdigattest, vert resterande gebyr fakturert straks endringa er godkjent.
- b) For eksisterande bygg: Når det er gjeve løyve til tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg, eller når frist for pålegg om tilknytning er utgått.

Tilknytning kan ikkje skje før eingongsgebyr er betalt.

Det vert ikkje gjeve frådrag i tilknytingsgebyr sjølv om eigedomen har bidrege til finansiering av infrastruktur gjennom utbyggingsavtale eller likande.

Ved overtaking av private vassverk vert tilknytingsgebyr vurdert i høve standarden på det aktuelle anlegget.

Dersom eit bygg erstattar eit bygg som tidlegare har vore lovleg tilknytt, vert desse einingane trekt frå ved utrekning av tilknytingsgebyret. Vilkåret er at nytt igangsetjingsløyve vert gitt innan 5 år etter at bygget er fjerna eller fråkopla.

Ved tilbygg eller påbygg skal det betalast gebyr for auke i tal einingar dette medfører. At tal einingar er lågare enn tidlegare, gjev ikkje abonnenten grunnlag for krav om refusjon.

Kapittel 3: Årsgebyr

§ 3-1 Gebyrplikt og innretning

Årsgebyr for vatn og/eller avløp skal betalast for alle einingar som er knytt til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg eller når kommunen har kravd eigedomen tilknytt, jf. § 1-2 bokstav b.

Årsgebyret skal betalast:

- a) For nybygg: Når mellombels bruksløyve er gjeve, eller når eigedomen vert teken i bruk dersom mellombels bruksløyve ikkje er gjeve.
- b) For eksisterande bygg: Når eigedomen er tilkopla det kommunale vass- og/eller avløpsnett, eller når fristen for å etterleva pålegg om tilknytning er utgått.

Har kommunen ikkje anna grunnlag, fastset kommunen oppstart av årsgebyra etter skjøn. Slik fastsetjing inneber ikkje at kommunen har godkjent tilkoplinga.

Ved utrekning av årsgebyr vert avløpsmengda sett lik vassforbruket, med mindre unntak etter § 3-4 nr. 1 gjer seg gjeldande.

Årsgebyr skal betalast inntil abonnementet er avslutta i medhald av § 5-1.

§ 3-2. Abonnementsgebyr

Abonnementsgebyret blir differensiert etter brukarkategori a-c.

- a. Næring. Skal betalast av næringseigedomar, kombinasjonseigedomar, offentlege verksemdar og landbrukseigedomar. Skal betalast pr brukseining.

Eigarseksjons-sameige med felles vassmålar i bygning der det både er bueiningar og brukseiningar med næringsverksemd, skal betale abonnementsgebyr pr brukseining og pr bueining.
- b. Bustad/fritidsbustad. Skal betalast av alle abonnentar pr bueining.
- c. Naust, uthus, bryggjer, vannpost og liknande. Skal betalast av alle slike bygningar og anlegg som er knytt til offentleg vassforsyning.

Kommunen avgjer kva kategori abonnenten høyrer til ut frå konkret bruk.

§ 3-3. Forbruksgebyr

1. Forbruksgebyret skal vera basert på målt eller stipulert vassforbruk:

- a) Målt vassforbruk baserer seg på bruk av vassmålar som viser faktisk vassforbruk og pris per m³.
- b) Bustader/fritidsbustader som ikkje har vassmålar, skal betale forbruksgebyr etter stipulert forbruk ut frå eigedomen sitt bruksareal multiplisert med ein faktor for vassforbruk per kvadratmeter bruksareal. For fritidsbustader kan kommunen fastsetja særskilt omrekningsfaktor. Faktoren kjem fra av gebyrregulativet.
- c) Både kommunen og den enkelte abonnent kan krevja at forbruksgebyret skal fastsetjast ut

frå målt forbruk, med dei avgrensingar som følgjer av denne forskrifta.

2. Kommunen kan krevja at vassforbruket skal målast for:
 - a) Alle bygningar eller delar av bygning som ikkje vert nytta til bustadformål.
 - b) Mellombelse abonnentar.
 - c) Vassuttak utan at vatn er innlagt i bygning.
 - d) Driftsbygning innan landbruket.
 - e) For eigedom med symjebasseng over 3m³.

Kommunen kan unnlata å krevje målar når krav om installasjon av vassmålar etter kommunen si vurdering ikkje er hensiktsmessig.

I særlege høve der bruksareal ikkje ligg føre kan kommunen bestemma at abonnenten, til dømes mellombelse abonnentar for bygg og anlegg, betalar for eit nærare fastsett stipulert forbruk.

§ 3-4. Tillegg og skjønnsfastsetting av årsgebyr

1. For alle abonnentar gjeld at avløpsmengd er lik vassmengd, med unntak dersom avløpsmengda frå ein abonnent er vesentleg større eller mindre enn vassforbruket og dette kan dokumenterast. Årsgebyret for avløp kan da reknast ut etter målt avløpsmengde, eller fastsetjast etter særskild avtale med kommunen.
2. Dersom samansettinga av avløpsvatnet ikkje er lik vanleg hushaldningsavløp, med verknad for kostnadene ved drift og vedlikehald av kommunen sitt avløpsanlegg, kan det fastsetjast eit tillegg eller fråtrekk til avløpsgebyret. Summen skal fastsetjast ved avtale, eller av kommunen dersom slik avtale ikkje kjem i stand.
3. Ved manglande innsending av registrert vassforbruk, kan forbruket stipulerast ved skjøn basert på tidlegare forbruk. Korrigering av manglande og/eller feil avlesing blir gjort ved avrekninga for neste år, jf. § 3-5.
4. For abonnentar med eigen septiktank i kombinasjon med kommunalt avløp, skal det betalast eit fastledd i tillegg til ordinær avgift for slamtømming.

§ 3-5. Innbetaling av årsgebyr

Avlesing av målt vassforbruk skal gjennomførast ein gong kvart år. Årsgebyret skal betalast à konto basert på fjoråret sitt forbruk, medan avrekninga skjer som regel på første termin det etterfølgjande året.

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med lovpant i eigedomen etter pantelova § 6-1. Både årsgebyr og eingongsgebyr for tilknytning er elles tvangsgrunnlag for utlegg. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglane for innkreving av skatt.

Fråflytting eller fråvær gir ikkje grunnlag for fråtrekk i årsgebyr.

Ved for sein innbetaling kjem det tillegg av renter etter lov om forseinkingsrenter.

Kapittel 4: Nærare om installasjon og bruk av vassmålar mm.

§ 4-1. Installasjon og bruk av vassmålar

Kommunen bestemmer kor mange vassmålalar den enkelte abonnent skal ha, og dessutan type, storleik og plassering av vassmålaren. Installasjon, vedlikehald, flytting og fråkopling av vassmålar skal gjerast av røyrleggjar.

Dersom eksisterande eigedom med vassmålar blir oppdelt i nye eigedomar, skal kvar av dei nye eigedomane ha eigen vassmålar.

Pålagt vassmålar for ny eigedom skal vera installert før det blir gjeve mellombels bruksløyve eller når eigedomen blir teken i bruk, og for eksisterande eigedom når den vert tilkoplta. Dersom vassmålar ikkje blir installert, skal abonnenten betala stipulert årsgebyr, jf. § 3-3.

For installasjon og bruk av vassmålar gjeld elles forskrift om krav til vassmålalar og kommunen sine tekniske krav.

§ 4-2. Eigarforhold og kostnadar

Kommunen eig og kostar vassmålaren. Abonnenten betalar leige for vassmålaren og har ansvar for utgiftene til installering, tilsyn, drift og utskifting. Pris for leige av vassmålar går fram av gebyrregulativet.

§ 4-3. Avlesing

Der det ikkje er digitale vassmålalar, er abonnenten ansvarleg for å lesa av og senda inn målarstand til kommunen.

Ved feil eller manglande avlesing kan kommunen stipulere vassmengda ved skjøn, jf. § 3-4 pkt 3. Kommunen kan sjølv lese av vassmålaren, og kan krevje at abonnenten dekkjer kostnadene ved avlesinga.

§ 4-4. Tilsyn og vedlikehald

Abonnenten skal føra tilsyn med målaren. Abonnenten er ansvarleg for å følgja med på utviklinga i forbruket, slik at lekkasjar eller andre feil blir oppdaga snarast mogeleg. Ved mistanke om avvik skal

abonnten straks melde frå til kommunen. Tilsvarande skal abonnten straks melde frå til kommunen dersom ein målar blir skadd eller går tapt, slik at kommunen kan stipulere vassmengda etter skjøn. Brot på plomberinga blir rekna for skade.

Kommunen kan føra tilsyn med målararen. Kommunen skal difor ha uhindra tilgang til vassmålararen for inspeksjon og kontroll.

§ 4-5. Avrekning ved feilmåling

Dersom målararen ved kontroll viser meir enn fem prosent for høgt forbruk, har abonnten krav på tilbakebetaling for feilmålinga. Er plomberinga broten, har abonnten likevel ikkje krav på tilbakebetaling.

Tilbakebetaling blir rekna frå det tidspunkt feilen må ha oppstått. Dersom det ikkje let seg gjera å fastslå feilmålte mengder nøyaktig, skal forbruket fastsetjast etter skjøn ut frå tilgjengeleg datagrunnlag.

Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, blir ikkje dekkja.

Viser målararen meir enn fem prosent for lågt forbruk, har kommunen krav på tilleggsbetaling for feilmålinga etter tilsvarande reglar.

Kapittel 5: Avsluttande føresegner

§ 5-1. Opphøyr av abonnement

Abonnementet opphøyrer når tilkoplingspunktet er plugga og fråkopling frå vass- og/eller avløpsnett er meldt av røyrleggjar og godkjent av kommunen. Ved eventuell ny tilknytning blir det ikkje kravd nytt eingongsgebyr. Kostnader ved fråkopling og eventuell ny tilknytning skal dekkjast fullt ut av abonnten.

§ 5-2. Kommunen sin rett til kontroll

Kommunen har rett til å gjennomføra kontroll av eigedomen sitt vass- og avløpsanlegg, og alle tilhøve som kan ha innverknad på utrekninga av gebyr etter denne forskrifta. Abonnten pliktar å medverka til dette.

§ 5-3. Klagerett

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som er fastsatt i samsvar med denne forskrifta, jamfør forvaltningslovas føresegner.

Det kan klagast på enkeltvedtak gjeve i medhald av denne forskrifta i samsvar med reglane i forvaltningslova. Kommunen si klagenemnd er klageinstans.

§ 5-4. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 01.01.2025.

Får same tid vert tidlegare forskrift om vass- og avløpsgebyr i Austrheim kommune oppheva

